



Dok. ref.

Arkivsaknr.: 25/238-3/ 4036
L.nr.: 25/3561

Arkivkode:

Dato:

13.06.2025

Vurdering om KU - Detaljreguleringsplan - Rysjedalsvika ferjekai



§ 8 - Planar og tiltak som skal konsekvensutgreiast viss de kan få vesentlige verknader for miljø eller samfunn.

§8.a - Reguleringsplaner for tiltak i vedlegg II. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidlige planen.

Det vert vurdert at tiltaka fell innanfor kategoriene i vedlegg 2:

- 10 e «Bygging av havner og havneanlegg,»
- Bygging av veger
- Bygging av hamner og hamneanlegg, herunder fiskehamner og offshorerelaterte hamner
- Utviding eller vesentleg endra bruk av eksisterande farleder
- 13 «Utvidelser eller endringer av tiltak nevnt i vedlegg I og vedlegg II som kan få vesentlige virkninger.»

For å vurdere om tiltaka kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, så er det gjort ei vurdering etter § 10.

§10 - Kriteria for vurderinga av om en plan eller et tiltak kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn

I vurderinga av om ein plan eller et tiltak kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn, skal det sjåast hen til eigenskapar ved planen eller tiltaket, jf. annet ledd og planen eller tiltakets lokalisering og påverking på omgjevnadene, jf. tredje ledd. Det skal også i naudsynt grad ses hen til eigenskapar ved verknader nemnt i fjerde ledd

- a. storleik, planområde og utforming
- b. bruken av naturressursar, særlege areal, jord, mineralressursar, vann og biologiske ressursar
- c. avfallsproduksjon og utslepp
- d. risiko for alvorlege ulykker og/eller katastrofar.

Kommentar til punkt a-d

- a. *Omsøkt planområde har eit areal på om lag 280 daa, der kring 6 daa av dette er bygd ned og drifta som kaiområde i dag. Dei planlagde tiltaka er i storleiken 6-9 daa(?), men vil i hovudsak vere innanfor eksisterande kaiområdet og vil ikkje reknast til å vere framande element i landskapsbiletet.*
- b. *Planinitiativet råker ikkje ved bruken av særlege areal, jord, mineralressursar, vatn og biologiske ressursar eller ved kjende ressursar.*
- c. *Dei nye tiltaka i planinitiativet opnar opp for noko meir avfallsproduksjon og utslepp under bygging, men elektrifiseringa vil redusere avfall og ureining i ettertid.*
- d. *Planinitiativet i seg sjølv opnar ikkje opp for aktivitet som vil medføre fare/risiko for ulykker og/eller katastrofar utover det som vert forventa at rutinar og førebyggande arbeid ivaretak.*

Tredje ledd i §10 omhandlar om lokalisering og påverknad om omgjevnadane kan kome i konflikt med:

- a) Verneområder etter naturmangfaldlova kapittel V eller markalova § 11, utvalde naturtypar (naturmangfaldlova kapittel VI), prioriterte artar, verna vassdrag, nasjonale laksefjordar og laksevassdrag, objekter, områder og kulturmiljø freda etter kulturminnelova
- b) Trua artar eller naturtypar, verdifulle landskap, verdifulle kulturminner og kulturmiljøer, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressursar, områder med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og områder som er særleg viktige for friluftsliv
- c) Statlege planretningslinjer, statlege planføresegn eller regionale planføresegn gitt i medhald av plan- og bygningslova av 27. juni 2008 nr. 71 eller rikspolitiske føringer eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhald av plan- og bygningslova av 14. juni 1985 nr. 77.

- d) Større omdisponering av områder avsett til landbruks-, natur- og friluftsformål, samt reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksverksemد
- e) Auka belastning i områder der fastsatte miljøkvalitetsstandarder er overskride
- f) Konsekvensar for befolkninga si helse, for eksempel som følge av vass- eller luftureining
- g) Vesentleg ureining eller klimagassutslepp
- h) Risiko for alvorlege ulykker som en følge av naturfarar som ras, skred eller flom

Kommentar til punkt a-h

- a. *Planframlegget kan potensielt kome i konflikt med naturmangfaldlova for nokre naturtypar innanfor planområdet.*

Det er registrert fleire viktige raudlista artar i kategoriane «kritisk truga (Lomvi), Sårbar (Ærfugl, gråmåke og fiskemåke) og «nær truga»(Kystflok, Tjeld og storskarv)

Hyllestad kommune har vurdert dette ut frå tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag på www.fylkesatlas.no

- b. *Planområdet kjem ikkje i konflikt med trua artar eller naturtypar, verdifulle landskap, verdifulle kulturminne og kulturmiljø, nasjonal eller regionalt viktige mineralressursar, områder med stor verdi for samisk utmarksnæring eller reindrift og områder som er særleg viktige for friluftsliv.*

Hyllestad kommune har vurdert dette ut frå tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag på www.fylkesatlas.no

- c. *Planinitiativet legg opp til nedbygging av strandsona og fell innanfor verkeområdet til Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsone langs sjøen, sone 3.*

I sone 3 er moglegheit å vurdere utbygging i strandsona, når andre alternativ ikkje er tilgjengeleg. Med tanke på at det også opning for næringstiltak, brygger og sjøretta reiselivsanlegg som ligg innanfor 100-metersbeltet i sone 3, så vert utvidinga av kaiområdet vurdert til å vere i tråd med vidare utvikling i kaiområdet, og derav i tråd med denne retningslinja.

- d. *Fleire av tiltaka som og utviding av kai og tilføring av ventekai vil føre til ein utviding ut av eksisterande kaiområde. Utviding vil truleg ikkje auke ÅDT i stor grad, og elferjer vil i sum lage mindre lyd enn tidlegare nyttar ferjer, men med tanke på storleiken på tiltaka og utvidinga ut i fjorden, så vil dette potensielt kunne medføre meir støy for omgjevnaden. Ved at planarbeidet skal legge til grunn ferjer som ligg til kai over natt, så vil potensialet for støy i form av lys og lyd auke.*

- e. *Planinitiativ omfattar ikkje vesentleg forureining eller klimagassutslepp. Hovudpremissset med å elektrifisere ferjer, er å få ned forureining og klimagassutslepp.*

- f. *Området ligg under marin grense, men med klare tegn til fjell i dagen, så er ikkje dette vurdert som konfliktfult. Oppslag i NVE atlas syner ikkje konflikt med naturfare. Austleg del av planområdet ligg innanfor snøskredfare S2 og steinsprang. Desse førehalda vert vurdert ivaretaken gjennom ROS-analyse.*

Fjerde ledd i § 10 omhandlar korleis ein skal sjå på verknadens intensitet, kompleksitet, truleik, varigheit, hyppigkeit, reversibilitet, utstrekning og samla verknadar over andre eksisterande godkjente eller planlagde planar/tiltak.

Tiltaket er vurdert til å vere av ein intensitet eller kompleksitet som er tilstrekkeleg ivareteken gjennom ein vanleg planprosess.

Tiltaka vil for det meste ikkje opplevast som framande element i landskapet og heller som ei vidareutvikling av eksisterande tiltak og utviding av infrastrukturen i området.

I samband med tredje ledd har det likevel blitt kartlagt at det er nokon tema som vil kunne kome i særskilt verknad for miljø eller samfunn som vil vere naudsynt å utgreie i eigne rapportar.

Konklusjon:

Sjølv om det har vore aktivitet i ferjekaiområdet i fleire tiår, så er det ikkje gjennomført nokre gjennomgåande konsekvensutgreiing for området i overordna plan tidlegare. Omfanget og storleiken på dei nye tiltaka er store og kan føre til vesentleg påverknad på omgjevnaden kring Rysjedalsvika og tilhøyrande område.

- *Naturmangfold* — Påverknad av kritisk truga, sårbar og nær truga artar.
- *Forureining* - Støypåverknad kring utvida kaiområde.

Med potensiell konflikt med naturmangfold og forureining, vert det konkludert at planinitiativet kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn innanfor KU-forskrifta § 10.

For å sikre naudsynt omsyn til miljø og samfunn, vert det satt krav om KU for tema naturmangfold og forureining.

Idar Førde Blom
Ingeniør